

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. I

Februar 2022

Årgang 88 år

Fusa kyrkjeblad | 922 - 2022

**Menighetsblad
for FUSA**

Jamles vi kan da med vår drott selv i den laveste bytte, finne med Peter der er godt, tog ei all verden i bytte. Ånd er og liv i allen stund ordet til os av Jesu munn; ordet kan heilige huset.

Nr. 1 Lørdag 20. januar 1923. 2. aargang

1. s. e. Kr.aab.
(Luk. 2. 41 — 52).
Barnet Jesus.

Vi tenker os nok helst Jesus som voksen mand. Manden staar midt i livets og dødens kamp, er det som helst griper os. Men han blev mand var ogsaa han barn, som alle andre er barn før de blir voksne.

Det er ikke meget vi vet om Jesu barndom. Men dei vi vet om ham, er nok til at faa et kjendskap til barnet Jesus. Vi kjender ham som 12 aars gammel gut. Vi ser hans barnevryd, da han skal faa følge sine forældre til Jerusalem på høftiden. Det er nok noget, han paa barns vis har glædet sig til længe forut. I sine tanker og sin barnefantasii har han sett bilde av Guds sin fars by og hans hus. Men dette bilde har han faat ogsaa ved at lese i bibelen, som han nok allerede da er kjent i. Jeg kan ogsaa saa levende tenke mig, at han og hans mor i sin lek ofte har reis paa fan-

fasiens reise til templet og frydet sig sammen paa froimøte og barnslige sjiles vis over Guds overveldende herlighet, som der møter han menskesker.

Nu — 12 aaring — ser han byen døg — tempelet! selv — som det straaler og lyser i al sin rike prakt. Og saa at komme der ind, og faa tale med Guds mænd om alt som var stort og rikt for hans sjell! Intet under, at han der glæmt sig bort. Han staar jo i det som hører han far til.

Vi kjender visst alle dette bilde av Jesus som 12 aars gut blandt Jerusalems lærdes mand. Og vi er glad i det bilde. Det er barnet som i sit hjerte kjender sig knyttet til Gud med evige baand, som ikke er fremmidd for Gud, ikke er ræd Gud. Men i sjælen kjender Gud som sin far. Derfor straaler det av fryd fra hans ansigt, naar han nu faar være i det som hører hans far til.

Men vi far gjennem denne fortelling ogsaa et andet barnehilde av Jesus. Det synes jeg er likesen vakrert. Han følger

**FUSA
KYRKJELYDBLAAD**

Jamles vi kan da med vår drott selv i den laveste bytte, finne med Peter der er godt, tok ei all verden i bytte. Ånd er og liv i allen stund ordet til os av Jesu munn; ordet kan heilige huset.

Nr. 10 Desember 1958 25. årg.

FRED OG GLIEDE
Av biskop Ragnvald Indrebø.

Mykje av det som etter kvart har fest seg som skikk og tradisjon i samband med julehelga hjå oss, har sjovsagt ein viss samanheng med det kristne innhaldet i henne. Men det lyt vel siast at som det no er, minner ho om eit juletre som det har hengt altfor mykje stas på, så ein mest ikkje kan sjå sjølv det grøne treet. Festen får ofte i vår utetterverde tid ikkje anna innhald enn det som vi sjølv steller til. Så kan det vera fest, men ikkje helg. Men var det nok tid som trong til å få litt helgestille ikkring seg og i seg, så var det vår. I stilla kunne «tonen frå himmelen» få lyda inn i troytte og redde sjeler. Vi er oppjaga og kvilelause, vi er andeleg fatige og utsvelte

**FUSA
KYRKJELYDBLAAD**

Nr. 3 mai 1985. 51.årg.

Velsigna pinse!

Gå ut i dagen lys og blid, i denne ljuve sommartid, og gled deg ved Quds under! Den grønne rausti si rike hand, med fagnad mettar myg og mann og mykje godt oss viser.

Dei grønne åkra veks og gror. Det gleder gamal, liten, stor. Og himlens Qud dei priser, som opnar rausti si rike hand, med fagnad mettar myg og mann og mykje godt oss viser.

Kan her so mykje vent me sjå, og kan alt her me glæde gå, i denne arme verda kor må det verta ljuvt og godt i himlens telte, det gylne slott, der alt skal ropa: "Kva!"

Paul Gerhardt

FULLDISTRIBUSJON

**FUSA
KYRKJEBLAD**

Nr. 7 Desember 2006 72. årgang

"Og høgt i toppen den blanke stjerne"

"Vi såg stjerna hans, og no er vi komme for å hylla han!" Matt. 2,2

s. 2 Andakt: Guds rike er nær
s. 3 Inga jul uten...
s. 4 "Og høgt i toppen den blanke stjerne
s. 5 På sternejakt i kyrkja m.m.
s. 6 og 7 Barnesider og grublerier
s. 9 Sidan sist
s. 10 og 11 Kunngjeringar
s. 12 Gudstjenester
Frå kyrkjebokene

Foto frå boka ful av Kari Thunø og Bjørg Lundby

FUSA sokn
Fusa kyrkjecontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Dagleg leiar/ass. kyrkjeverje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Kyrkjeverje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13
Eirun Bjotveit Fonneland 94 88 85 06

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøn 97 71 17 23

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Kyrkjeterarar

FUSA KYRKJE Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:
Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:
3530 25 86215


Bladpengar er kr. 250,- pr. år
Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:
Hans Einar Markhus
Toril Hjartåker Hauge

Kyrkjebladet 100 år

1922–2022

Av Toril Hjartåker Hauge og Hans Einar Markhus



I dei tre fyrste nummera av jubileumsårgangen 2022 skal me følgja bladet gjennom dets fyrste hundre år. Det har vore mange skifte, men eitt står fast til denne dag: Bildet av Holdhus kyrkje øvst på framsida. Det kan synast underleg å la nett denne kyrkja stå i front, sidan det berre er kyrkegarden på Holdhus som enno er eigd av soknet; sjølv kyrkja har sidan år 1900 høyrt Fortidsminneforeininga til. Men Holdhus kyrkje har i seg delar av den opphavlege stavkyrkja som stod der, så kanskje var tanken å trekka tråden heilt tilbake til kristninga.

Fusa menighetsblad følgde stort sett det sporet som var gått opp av kyrkjeblada før dei. Formålet var å skapa eit bindeledd mellom folk i soknet, og mellom prest og kyrkjelyd.



I år 1922 kom Fusa menighetsblad ut for første gong.

Fenomenet menighetsblad var då 20 år gammalt i Noreg, med Vaterlandskirken søndagshilsen i Oslo først ute i 1902. Fusa var om lag nummer 50 i rekkja. Når ein har i mente at det var over tusen sokn i landet, må ein kunna seia at Fusa var blant dei første på kyrkjebladfeltet, og – kanskje vel så interessant - 23 år før Os.

Sentralt i alle blad stod andakta; difor vart dei gjerne kalla den «utvidede prekestol». Her kunne presten nå dei som ikkje gjekk jamt til kyrkjes. Vidare i bladet følgde kunngjeringar om gudstenester og andre tilstellingar, opplysningar om døypte, konfirmerte, vigde og avlidne, orienteringar om soknerådsval og innsamlingsaksjonar, artiklar frå stemne og viktige møte, samt fyndord og korte tekstar til ettertanke. På mange måtar fungerte bladet også som ei lokalavis; folk sende inn korte artiklar frå samlingar dei hadde vore med på, samt minne- eller takkeord etter markante og nære personars bortgang.

Eit par av dei behova kyrkjebladet dekka den fyrste tida, ser me no er overtatt av Facebook-gruppa *Kvardagsprat i Fusa*: Irettesetjing av ungdomars oppførsel og meldingar om tapte og funne eidegar. I 1925 oppfordra «*En kirkesøkende*» lesarane til å tenkja over «*Hvad kan gjøres for at forhindre at barn stimler sammen op paa galleriet i Strandvik kirke under guds-tjenestene og forstyrrer den stillhet som er ønskelig?*», og i 1936 vart det under den velvillige overskrifta «*Bortbytt*», meldt om L. Fagerheim sin forsvunne paraply og blå

hatt. «*Tilbake i Fusa kyrkje heng ein god, blå vinterfrakk merkt I.K. Frakkane vart forbytta påskedag.*» Også ein gut har mista vinterfrakken sin i kyrkja, står det. I tillegg til desse typiske kyrkjeblad-oppgåvene, vart *Fusa menighetsblad* tildelt eitt særskilt formål: Det skulle samla inn midlar til gamleheim i prestegjeldet. Fusa sjuke- og aldersheim vart opna på Skjørsand i 1965 med mange andre og større bidragsytarar, men startskotet var gamleheimsfondet, skapt av menighetsbladets overskot. Når presten i 1923 kunne melda at «*Næsten alle hjem har bladet*», tyder det på at dette optimistiske og framtidsretta formalet hadde stor tilsluttnad rundt om i bygdene.

Den enkeltfaktoren som synest å vera mest avgjerande for korleis bladet har sett ut gjennom tida, synest å vera redaksjonen, forståeleg nok, - enten den bestod av eitt menneske eller fleire. Bladets hundre år blir her difor delt inn i kapittel etter kven som styrde bladet, og me byrjar med grunnleggjaren.



①

Søren Hansens tid 1922–26

Søren Hansen (1888-1986), sokneprest i Fusa 1920-26



Portrett av Søren Hansen

Kjelde: Lokalhistorisk bildearkiv, Bjørnafjorden bibliotek

Hansen skreiv det aller meste i bladet sjølv, tolv nummer årleg. Ikkje løye at han ville ha nokon å dela arbeidet med; i 1923 sette han inn denne notisen:

Skriv i bladet,

hvis du har noget paa hjertet, og det passer ellers.

Notis med oppfordring til å senda inn stoff til bladet

Kjelde: Menighetsblad for Fusa 1923 - Nr. 2

Til høgre: Statisitkk for 1922
Kjelde: Menighetsblad for Fusa 1923 - Nr. 1

Søren Hansen kom frå Veierland ved Larvik, og hadde vore hjelpeprest i Domkirken i Bergen før han vart sokneprest i Fusa i 1920.

I Bergen fanst det allereie sju menighetsblad, så Hansen var nok godt van med slike publikasjonar. I tillegg såg han trangen for «at skaffe de gamle og ensomme et godt hjem». Så slo han like godt desse to tankane saman og fekk sokneråda med seg på å gje ut bladet med ein gamleheim som mål i det fjerne.

Litt kirkelig statistik for 1922.

Der er holdt 52 ordinære gudstjenester og 15 ekstra gudstjenester. N a d- v e r d g j æ s t e r i kirkerne 994. Her- av 325 i Fusa (1921: 311), 208 i Haalandsdal (1921: 277), 461 i Strandvik (1921: 695). Altsaa en betydelig nedgang. Ved sognebud tilsammen 49. D ø p t e: Fu- sa 21, Haalandsdal 9, Strandvik 46. F ø d- t e: henholdsvis 25 (og 1 dødfødt), 8 og 47 (og 3 dødfødte). U e g t e f ø d t e: 3 (Strandyik).

E g t e v i e d e: henholdsvis: 7, 3 og 16.

D ø d e: henholdsvis: 14, 11 og 24. Utmeldt av kirken: 2 (Strand- vik).

Konfirmanter: Fusa: 27, Ha- landsdal: 14, Strandvik: 32.

A. Garnæs' Boktrykkeri, Bergen.



Så ønsker jeg dere all en slik jul
1975. Da vil du bære denne jul
med deg inn i det nye år 1976.
Deres Søren Hansen.

Ein gong prest i Fusa -
alltid prest i Fusa.

Det var forresten ikkje berre når det gjaldt innhald i bladet, Hansen hadde syn på kva som «passa» seg.

Han ville gjerne justera litt på folks fysiske framtoning i kyrkja òg, og brukte relativt hyppig bladet til generell oppseding av fusingane:

Litt at tænke paa.

1. Ved brudevielser og begravelses er det saa litet sang av dem som deltar. Som regel lar man nogen faa (eller en) dertil utvalgte besørge sangen. Men det blir saa tomt. La os alle sammen synge med som ellers i kirken. Det er jo som regel kjendte salmer. Er det for meget besvær at ta med sig en salmebok til kirken ogsaa ved en slik anledning?

2. Ved gudstjenesten er en av betingelsene for velsignelse for os selv og andre at der er fuldkommen stilhet. La os forsøke at komme ind, før gudstjenes-ten begynder. Naar indgangsbønnen bedes maa ingen gaa og søke sig plass — heller ikke paa gallereiet. Man staar stille indtil orgelet begynder at spille. Larm og uro — selvom det ikke er saa meget — kan ødelægge saa meget. La os komme med stille, hellige sind ind i Guds hus, da vil det falde naturlig for os at være stille utvortes ogsaa.

greidde han ikkje å riva seg heilt laus, og det trong han då heller ikkje, for han hadde jo kyrkjebladet! Jamt og trutt skreiv han i det enno, oftast i andaktsform. Den særegne, lette tonen sin hadde han med seg i alt, til og med i minneord, som då han i 1975 skreiv om doktor Kari Øpstad (1890-1974): «*Hadde det ikke vært fordi det er kvinneår, ville jeg sagt hun var et ekte mannsfolk.*»

Ved mange høve besøkte Søren Hansen Fusa, i 1975 gav han 200 kr til nytt orgel i Sundvor kyrkje som han hadde vore med og lagd grunnsteinen til, og julehelsinga si i kyrkjebladet same året signerte han med «*Deres Søren Hansen*». Denne hengivenheten var tydelegvis gjensidig. Til 90-årsdagen hans sende fusafolket han eit rosemåla fat; då var det gått 52 år sidan han hadde vore presten deira. Kyrkjebladet var den sjølvsagde staden for han å takka for gava. To år etter kom 92-åringen på besøk. Han vitja aldersheimen på Skjørsand og fylte Fusa kyrkje med m.a. konfirmantane sine som no var blitt besteforeldre, mange av dei. «*Da dere reiste dere i benken, det overveldet meg,*» skreiv han litt seinare utpå året, i det bladet han sjølv hadde sett i sving for eit par generasjonar sidan. «*For en glede dere gav deres gamle prest!*»

Kjelde: Menighetsblad for Fusa 1925 - Nr. 7

I løpet av sine seks år som sokneprest i Fusa, fekk Hansen eit nært forhold til folket her. Då han reiste vidare til nye kall,




②

Thor Birkeland Grahl-Nielsens tid 1927–37

*Thor Birkeland Grahl-Nielsen (1894–1968),
sokneprest i Fusa 1927–37*

Under den neste soknepresten sitt styre kom mange eksterne forfattarar til orde i kyrkjebladet. Grahl-Nielsen valde utdrag frå andre kristelege blad og bøker, som St. Markus menighetsblad og Kristent vekeblad.

Han heldt på det fire-sidige formatet, men utpå 30-talet utvida han påske- og julenummeret til åtte sider. Med det starta han tradisjonen med ekstra påkosta blad i høgtidene, og det er i påskenummeret frå 1935 me møter kyrkjebladets aller fyrste illustrasjon, bortsett frå logoen.




Eli! Eli! Lama Sabaktani. Det er fullbrakt!

Den korsfesta Kristus med dei to Maria.

Kjelde: Menighetsblad for Fusa 1935 - Nr. 3

Også julenummera vart frå 1935 av illustrerte, oftast med enkle teikningar.

Nokre tiår seinare, i 1956, vart høgtidsstemninga understreka ved at det kom i blått trykk.



Men ein kvist skal renna or Isaistuvan,
og ein renning frå hans roter skal bera
Anden med wiðom og vit, Anden med rád
og styrke, Anden som giv kunniskap um
Herren og otte for han.

Han skal hav sin hugnad i otte for Her-
ren, og han skal ikkje domma etter det augo-
ser, og ikkje skifta rett etter det øyro høy-
er, men han skal doma armingar med ret-
ferd og skifte rett med retvisa for dei
smålfalte på jord, og han skal slå jord med
riktig hand og dreppe den ugudleg
med anden frå lippona sine.

Rettferd skal vera beltet um lende og
truskap beltet um myjdmane hans.

I denne sote joledid Me må vel vera sele,
Og brukia all vår kunst og id Guds náde
hoggi á æra. Ved han som er i krubba lagt,
Me vil av all vår rád og makt i hjarta sot
oss hugga. Din pris skal loda, Fredarmann!
So vidt og breidd um land og strand At
jordi reint skal rugga.

Ein liten son av Davids rot, som er Gud
Fads lilo. Til ham skal allehov Sveig
ned frå himmelike. Det honom sitt i hjarta
skar. At verdi domd og døra var Og giekk
i venlaus villa. Og i slik kjerleik rik, og
stor Han kom til oss her ned på jord, Vår
hjartesorg å stilla.

(Brorson.)



«De penga, ja, de penga...»

Ein gjengangar i kyrkjebladet gjennom hundreåret er bladpengane, oftast i form av påminningar om å betala. Her var fusingane som folk flest. Over heile landet sleit kyrkjeblad med å halda seg økonomisk berande, og det var ikkje få som bukka under.

Søren Hansen starta optimistisk med å setja kontingensten til 2 kroner året. Det er vanskeleg å vita kor mykje ein slik sum greip inn i kvardagen til folk, for naturalhushaldet spelte enno ei viss rolle på bygdene, men sidan papir-, margarin-, og hermetikkfabrikkane livnærte såpass mange heromkring, kan det vera interessant å jamføra bladpengane med lønene i industrien, og då viser det seg at Hansen, - medvite eller umedvite -, meinte eit års abonnement var verdt om lag ein times arbeid. Gjennomsnitts timeløn for ein industriarbeidar her til lands rundt 1920 var nemleg 2,1 kroner.

Utover på 20-talet sank lønsnivået. I 1930 var gjennomsnittsløna for hermetikkarbeidarar i Bergensområdet like over 1 krone. Det kan henda det var det Grahl-Nielsen tok omsyn til då han i 1932 reduserte bladprisen til 1,5 kroner, og fem år etter til 1 krone; folk skulle ikkje lyta arbeida stort lenger enn ein time for bladet, no heller.

Lenge følgdest desse to åt, gjennomsnitts timeløn for ein industriarbeidar og årsabonnementet for kyrkjebladet: På 50-talet ein femmar, på 60-talet seks, deretter sju kroner, men i 1978, då timeløna var koment opp i 21,51 i næringsmiddelindustrien og 23,58 i papirindustrien, nøgde bladnemnda seg med å krevja om lag 45 minutts arbeid av folk, og appellerte heller til godviljen deira.

«Minstesummen vert no 15 kroner, men vi er takksame om sume kan slengja på ein fem eller tikronar meir. Alt vert dyrare, og våre utlegg stig også. På førehand takk.»

Etter kvart vart godvilje det berande prinsippet i økonomien. Frå august 1980 gjekk kyrkjebladet i fulldistribusjon, og det vart frivillig om ein ville betala for det eller ikkje. Slik er det enno. På den måten slepp ein administrasjon med abonnenter og purringar; på den andre sida utset ein «kalt folket» for eit skriv som dei ikkje har bede om, og risikerer at det ikkje renn inn eit øre i bladpengar.

Målt i arbeidstid ligg den tilrådde bladprisen i dag, 250 kroner, på same nivå som på 70-talet: For eitt års abonnement må ein industriarbeidar med gjennomsnittsløn, 309 kr., arbeida om lag 45 minutt.



Tokroneseddel frå 1922.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Historisk statistikk.
<https://www.ssb.no/a/histstat>



③

Bernhard F. Skauge's tid okt. 1937–42

Bernhard Haldorsen Skauge (1891–1967), sokneprest i Fusa 1937–62

Historisk sett var dette fem uhyre dramatiske år, og kyrkjebladet opna noko meir opp for verda utanfor prestegjeldet enn det hadde gjort før. Fyrste nummer i 1939 har med eit utdrag frå Misjonsbladet for Israel om jødeforfølginga i Polen. Elles blir ikkje ufreden i verda spesifikt nemnt, heller ikkje etter okkupasjonen. Livet – og døden – i soknet går sin gang.

I julenummeret i 1940 skriv Skauge om «*Ny kyrkjegard på Baldersheim*»; den var blitt opna laurdag 28.09.40., og i Hans J. Hjartåker sitt dikt «*Til ein trugen slepar Berga sjeli!*» på nyåret 1941 kan me berre ana at nazistane sitt styre gjorde kvardagen mørk:

Di sjel er perla dyr i skrin, /Du vakta må på vegen din./ Det er din eine dyre skatt / Ei tapast må i verdens natt./ Um alt du elles missa må, / Di sjel må ei til spille gå.

Krigen blir ikkje uttrykt i reine ord før i julenummeret 1941, og då er det ingen ringare enn pave Pius XII som gjer det. I teksten «*Paven råder til å be*» er han sitert frå «*Bønnens korstog*», datert 24.11.41. Der skriv han: «ennå en tid vil kampens bølger rase videre og våbnenes larm vil overdøve vår stemme som trakter etter å forkynne freden. Men vi vet at Gud vil lindre våre trengsler.»

Ill av mor med barn
vi julereet.

Kjelde: Menighetsblad
for Fusa 1935 - Nr. 8



Verken Skauge eller krigen braut tradisjonen med ekstra forsegjorte høgtidsnum-

mer, og særleg til jul tåler ein, ja, ynskjer ein gjerne gjentakingar. Denne yndige teikninga av mor og barn ved julereet vart prenta fleire gonger i kyrkjebladets julenummer, fyrste gong i 1935. Seks år etter stod ho der att, og ho var nok vel så kjærkomen då, halvtanna år inn i okkupasjonen.

I åra 1943–55 kom ikkje *Fusa menighetsblad* ut. Det kan ha samanheng med at prestane la ned den statlege delen av embeta sine i 1942 i protest mot okkupasjonen, og frå då av konsentrerte seg ute-lukkande om den åndelege gjerninga si. Aksjonen blir ikkje nemnt i kyrkjebladet i det avgjerande året 1942, men 25 år etter mintest ein denne protesten med artikelen «*Kyrkjestriden – eit 25-årsminne*». Bortfallet av kyrkjebladet var sjølv sagt ein bagatell i denne samanhengen, og det blir heller ikkje nemnt som del av prestane sitt opprør.

4

Håkon Hovlands tid

1956–63

Håkon Hovland (1924-2021), hjelpeprest i Fusa 1956, kallskapellan same stad 1957-63

Då bladet vart vekt opp att i oktober 1956, heitte det ikkje lenger *Fusa menighetsblad*, men *Fusa kyrkjelydsblad*, og då skjønar ein kva veg det bar: Lukst inn i nynorsken. Til då hadde prestane og eksterne forfattarar skrive mest på bokmål, mens folk i sokna nytta nynorsk i sine forholdsvis få bidrag. No hadde bladet fått ein bladstyrar med nynorsk som hovudmål, og det merktest.

For at ikkje folk skulle tru han ville velta om på alt, presiserte han at formålet med bladet var det same, sjølv om språkdrakta var ny: «*Bladet si oppgåve skal vera den same som før, å knyta kontakt mellom heim og kyrkje, og, så langt det er mogleg, vera eit talerøyr for kyrkja sin bodskap – evangeliet.*»

Bladstyraren var den nye kapellanen, eller hjelpepresten som han vart kalla fram til 1957, Håkon Hovland. Han skreiv mykje sjølv i bladet, men oppfordra sterkt folk å bidra, og mange tok utfordringa. I 1959 skreiv Jan Vågen at «*Då bladstyraren for kyrkjebladet bad meg skriva litt til bladet, svara eg at eg kunne korkje lesa eller skriva. Men seinare hev eg kome på at eg visst gjorde mine fyresette frå barneåri urett med eit sovore svar. Eg hev seinare fundert på kva eg skulle skriva om.*»

Det han falt ned på, var det store spørsmålet «... kvifor verdi er so vanskeleg, då menneska tykkjest vera so kloke og gode.»

Han gjev ikkje krav på å ha funne eit endegleg svar, men eitt råd vil han dela:

«*ein må aldri søkja dei materielle gode opp som livsens høgaste verdi. Det vil føra til dansen om gullkalven,...*»

I Hovlands tid som bladstyrar dreier bladet seg stadig meir om verda utanfor Fusa. I 1956 er «Ungarnhjelpa» eit tema, den «ulykka» som «nyss råka det djerme ungariske folket». To år etter får «Ungdomsaksjonen for Berlins flyktingebarn» eit talerøyr i bladet. Overalt på Vestlandet vart folk bedne om å hjelpe Vest-Berlins barn og folk som hadde rømt frå den kommunistiske Sovjet-sona. «*Skulle det vera nokon som har høve til å taka i mot eit tysk barn i heimen sin no i haust i 10 veker?*» Dessutan var reportasjar frå misjonsmarkene hyplige innslag, til dømes vart det på haustparten 1960 fortalt om den fyrste lutherske kyrkja i Quito i Ecuador.

Det var også i denne perioden både bladet sjølv og staben rundt det vaks.

(framhald s. 10)



Om anonymitet og delvis skjulte forfattarar

Det var vel og bra å dela på spalteplassen, men bladstyraren trykte ikkje kva som helst. Hovland gjorde folk merksam på at «vilkåret for at det vert teke inn er sjølvsgagt at opphavsmannen vågar vedstå seg innleget.» Dei kunne få bruka pseudonym i sjølve bladet, men som ansvarleg redaktør måtte han vita kvar det kom ifrå. «*Anonyme innlegg vert ikkje tekne inn i bladet, om det er aldri så godt. [...] Eg har nyss fått eit stykke til bladet utan namn og adresse på avsendaren. Dette vert difor ikkje tekne inn, før vedkomande eventuelt melder seg under fullt namn.*»

Gjennom heile bladet si levetid hadde forfattarar signert med initialar. Folk flest skjøna nok kven som stod bak likevel, og det var innanfor også Hovland sine grenser. Etterfølgjaren hans, Åsmund Farestveit, synest å ha vore lempelegare i kravet om å stå fram, for rundt 1970 finn me ekstra mange skjulte skribentar i bladet. Om opphavet til diktet «Gi meg en blomst mens jeg lever» til dømes, trykt i andre nummer i 1970, får me ikkje vita meir enn at det er «Innsendt».

Det var også på denne tida at somme innendarar skreiv under med dei siste bokstavane i namna sine heller enn dei fyrste. «..s ..s ..s» hadde fleire oppbyggjelege tekstar inne i 1970- og 1971-årgangane, m.a. tips til folk om å lesa Bunyans Pilgrimsvandring, og «...v ...d» skriv same året teksten «Er eg ferdig til å møta den heilage allmektige Gud?».

Dette er på ingen måte kontroversielle skriftstykke, så det var nok småålåtenskap

som heldt dei ifrå å stå openlyst fram, heller enn frykt for å trakka nokon på tærne.

Er det nokon av dagens lesarar som kjenner til «..s ..s ..s» og «...v ...d», eller har forslag til kven dei var? I så fall vil dagens redaksjon gjerne høyra ifrå dykk.

Etter at Einar Follesøy kom i sjefsstolen i 1972, synest det å ha blitt stramma inn på anonymiteten igjen. Ein gong i 1977 kom signaturen på eit dikt ut feil i bladet og måtte sidan rettast frå KB til KH. I same nummer presiserer redaktøren: «*Eg må få inn fullt namn på den som sender diktet eller stykket. Dikt utan forfattarnamn, vil ikkje koma i bladet.*»

Dei enkle signaturane forsvann likevel ikkje heilt. «L» var ein eller ei som skreiv mange stykke i kyrkjebladet. Det er stort spenn i tekstane hans/hennar, frå Stalin til Olsokgudstenesta, men me anar ein overvekt av stoff frå Hålandsdalens.

Kanskje var «L» velkjent i samtidia si, men er det nokon som no veit kven det er eller var? Også den avsløringa blir dagens redaksjonen glad for å få.

Ta kontakt med Hans Einar Markhus på hm629@kyrkja.no eller 959 36 580.

Og da, fortsetter han, skal freden komme i ditt hjerte, „Guds fred som overgår all forstand.“ Hvor freden kommer inn, må bekymringene vike. O. E. M.

Eksempel på delvis skjult forfattar.



I 1961 vart sidetalet dobla til åtte, og soknerådet valde eit bladstyre med eitt medlem frå kvart sokneråd: Hogne Skaathun frå Fusa, Hans T. Gjøn frå Hålandsalen og Leon ErikSEN frå Sundvor. Bladstyrar var enno Håkon Hovland; han representerte Strandvik sokn. Dessutan vart det oppretta to viktige verv som letta arbeidet for bladstyraren monaleg: Kasseraren og Ekspeditøren. Desse fortener kvar si rute.

1950- og 60-talet synest å vera ei tid med stor aktivitet i prestegjeldet. Me tar med denne kunngjeringa som døme på eit forsøk på å få endå meir fart i kyrkjelivet.: →

Humanitetslaup for motorsyklar

vert skipa til sundag 31. mai av Fusa avdeling av M.A. (Motorførernes avholdsforbund). Denne sundagen er «Ungdommens dag», og laupet tek serleg sikte på å aktivisera ein del av vår motoriserte ungdom. Deltakarane startar i Eikelandsosen sundag morgen og kører først i kolonne til Strandvik der dei tek del i gudstenesta. Seinare på dagen går så humanitetslaupet der deltakarane skal setjast på mange slags prøper når det gjeld dugleik i faget. I laupet er m. a. lagt inn den prøva å køyra gamlevegen over Fusafjellet med motorsykkel. — Ein ventar mange deltakarar.

Kunngjering om humanitetslaup for motorsyklar

Kjelde: Fusa kyrkjelydsblad 1959 - Nr. 5

Kor mange deltakarar som faktisk dukka opp, veit me ikkje, for me har ikkje registrert nokon reportasje frå løpet, men kan skje nokon av dagens lesarar hugsar korleis det gjekk føre seg, og kven som vann dei ulike dugleiksprøvane?

I neste nummer av Fusa kyrkjeblad ser me inn i Åsmund Farestveits tid 1963-72, Einar Gustav Follesøy si tid 1972-78 og Odd Hilmar Keilen si tid 1979-1984

I Fusa kyrkjelydsblad 1962 - Nr. 4 kunne bladstyraren gledesstrålande meldat at
 «*Fru Anna Haga, Skjørsand har teke på seg ansvaret for ekspedisjonen av kyrkjebladet.*» «*Dette er ei kjær-kome avlasting for den tidlegare ekspeditøren av bladet, som med dette nyttar høve til å ynskja fru Haga hjarteleg velkommen til samarbeidet med kyrkjebladet.*»

Anna Haga (1909-2003)

ekspederte bladet i femten år. I 1977 overtok Olav Sævareid som var busett i Kilen, og to år etter vart Solveig Meyer frå Strandvik ekspeditør. Då bladet kom i fulldistribusjon i 1980, fall dette arbeidet vekk som frivillig verv; deretter stod trykkeriet for ekspedisjonen.

Fusa kyrkjelydsblads første kasserar var lærar og frå 1969 skulestyrar

Konrad Helland (1916-2011)

Han starta kasserar-gjerninga i 1956 og tok pedagogikken med seg inn i den rolla. I staden for den evige purringa om «STRAKS» å betala kontingensten, kom han nemleg med denne strofa: «*Eg vil gjerne takka alle som har betalt bladpengar.*» Det var jammen santen ein ny vri: Å leggja vekt på det gode som var gjort, i staden for å klaga over det som mangla. Men same kor positivt ein vinklar ting; det finst alltid noko som kan bli betre, og kasseraren peikar på utviklingspotensiale både hos seg sjølv og andre: «*No kan det nok henda at det vert gjord feil med namn, adresse og likn., men eg vonar at dei som vert ute for slikt, seier frå. Dersom alle skrev tydeleg, ville det gjea arbeidet lettare.*»



I 1970 vart Konrad Helland takka av som kasserar med desse orda: «*Me takkar Konrad Helland for pålitande og punktleg arbeid i alle år.*» Då var det Lars Holdhus som overtok posten og hadde han i 18 år. Deretter gjorde Ingjald Vestbø jobben i 8 år, før økonomien vart ein del av staben på kyrkjekontoret sitt arbeid i 1996, i fyrste omgang ivaretatt av Grete Tveitnes.



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend

Tlf.: 96 92 46 50

post@lhjertnes.no

www.lhjertnes.no

Nær
Butikken

P. H. Haugen

Landhandel - Sævareid

tlf. 56583110

e-post:

narbutikken.severeid@narbutikken.no

VESTLANDSKE LIMTRE
INDUSTRI AS

1642 BERGENFJORD
Postnr. 56 85 07 00
Telefon: 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler - takverk

post@vlimtre.no

www.vlimtre.no

Fusa
Ferdigbetong as
5640 Eikelandsosen



Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421

E-post: post@fusabetong.no



MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

FARGERIKE
HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880

E-post: firmapost@alfhjelle.no

SPAR

Fusa

8-21

9-20

Tlf. 56582133

spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

B TLF 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15



Eide

STRANDVIK
Transport og Maskin AS
* 5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no
* 56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592

Norheimsund
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88
post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa

Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



MECA

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s.

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30

Tlf. privat: 56 58 51 19

Telefax: 56 58 11 99

Mobil: 970 63 526

E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN



BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20


Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektr.no

www.solheimelektr.no



Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook



Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tønnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hold
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale



Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ
OMSORG VED LIVETS SLUTT
DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05



Hordaland A/S Rørteknikk

56 58 09 90

hordalandrorteknikk.no

post@hrt.as

Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk leverandør.

Godkjent lærebodrift i rørleggerfaget.

Besök vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Stroyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN

Tlf. 56 58 00 20

Vi er til hjelp for deg og de nærmeste i tiden etter at en nær slekting eller venn har gått bort.
Du skal vite at du kan kontakte oss når som helst, dag eller natt. Vi har alltid tid til å hjelpe deg!

En verdig og trygg avskjed

BJØRNAFJORDEN GRAVFERDHJELP

Amfi Os (innp. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00
E-post post@bjornafjordengravferdhjelp.no

SPAR

Eikelandsosen

Opningstid

8-21

Laurdag

9-20

Tlf. 56 58 00 90



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no



WALK & RUN 2022

NY FOLKEFEST!

- BLI MED PÅ WALK AND RUN
LAURDAG 21. MAI 12.30-15.00.

Merk av på kalenderen allereie no!

Kor mange brannskadde barn i Etiopia kan vi hjelpe i 2022?

Sjølv om det er koronatid og uro i Etiopia så går operasjonane for å hjelpe brannskadde born sin gong. Då vi starta opp innsamlinga til operasjon av brannskadde born i 2013 var det berre dr Einar Eriksen som opererte. Fusa kommune var då med og bidrog til at dette vart etablert som eit Fusaprojekt! Eit av innsamlingsmåla våre var å samle inn midlar til å få utdanna etiopiske legar og sjukepleiarar. Dette målet er i stor grad nådd, og det vert for tida operert brannskadde born ved tre sjukehus i landet. I 2013 var det kun i Addis Abeba. Vi held fram med innsamlinga, og vonar at både folk i Fusa sokn og utanfor vil bidra til å gje eit godt innsamlingsresultat – og dermed gje mange born ein ny start i livet! Vi vil oppmode både enkelpersonar, verksemder, lag og organisasjoner, skular og barnehagar, kommune m.fl om å vere med å støtte innsamlinga økonomisk, og gjere laurdag 21. mai og dagane kring til folkefest og storsatsing!

Kor mange born kan vi hjelpe i 2022? Gjennomsnittskostnad for å hjelpe eit brannskadd born til å få ein ny start i livet er kr.10.000,-.

Meir informasjon om Walk and Run kjem i neste nummer av kyrkjebla-
det.

Arrangører: Fusa sokneråd, Fusa frivilligsentral og Bruktbuo.



Ungdommen Kebede vart operert før jul 2021, og kan no gå att. Ein ny start i livet!



Victoria helser på eit av dei opererte
brannskadde borna då ho var i Etiopia
i 2018.

Ein STOR takk til Strøyma!

Like før jul var Bruktbuo på jakt etter ny interntettleverandør. Me tok kontakt med vår lokale fiberleverandør Strøyma. Dei var svært positive til det frivillige arbeidet som blir lagt ned i Bruktbuo, og ynskjer at me skal få meir overskot til dei gode formåla våre. Med bakgrunn i det vil dei sponse oss med **gratis fibernett!** Dette er me svært audi-
mjuk og takksame for!

**Me er heldige som har ei velvillig og dyktig
bedrift i lokalsamfunnet vårt 😊**



STOR GIVARGLEDE I FUSA!

TUSEN HJARTELEG TAKK TIL ALLE SOM BIDROG MED MATGÅVE TIL JUL

Takka vera deg som har vore med å støtta matgåve aksjonen har me fått dela ut 29 velfylte matkassar til enkelt personar og familiar i Fusa som ikkje har så mykje å rutte med. Tilbakemeldingane i frå mottakarane av kassane har vore stor glede, ydmjukheit og takksemd.

Det er ein stor jobb å handle inn og pakke varer til 29 matkasser. Me var heldige og fekk god hjelp av 3 dyktige hjelparar i frå Lions Club Fusa, og tilsette ved kyrkjekontoret.

Også ein stor takk til sokneprest Einar Ekerhovd som var med å kjørte ut Matgåvene.

I tillegg vil me også takke Fjord'n Senter for gåvekort og godt samarbeid, Fru Aarvik for nysteikte julebrød til alle kassane. Bunnpris Eikelandsosen og Spar Eikelandsosen for matgåver. Eikelandsfjorden sanitetslag med ei flott pengegåve på 10.000 kr! Bjørnafjorden kommune og Nav for eit godt samarbeid.

Og sist men ikkje minst ein ein STOR takk til deg som har lagt varer i handlevogna på Spar eller har vippsa ein sum.

Saman har me fått gleda mange til jul, tusen hjarteleg takk ❤️



Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50
Jorunn Moberg
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørande som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no

GODKJENT FOR
MÅRSPELLET.

Sentralgodkjent rørleggerfirma

joker

STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12



**HERBALIFE
ERNAÆRING**

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:
- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!
Spør etter gratis prøvepakke,
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

<https://signeg.goherbalife.com/nm-no>

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMASTER



SVENN C. STORUM

TLF. 951 56 327 storum@fusi.no



«Med Gud i medgang og motgang»

-Temakonsert med Morten Samuelsen og Solveig Bartun Rob

Morten Samuelsen og Solveig Bartun Rob set fokus på tema «Psykisk helse, tvil og tru» gjennom musikk og refleksjonar. Morten og Solveig har hatt temakonsertar mange stader i landet og søndag 6. mars kjem dei til Fusa sokn! Dei deler sine historiar gjennom ord og song og snakkar om tema som kan vere vanskeleg å snakke om. Ynskjed deira er å dele erfaringar, tankar og kunnskap med oss.

Morten Samuelsen er songar og er kjent frå blant anna Norske Talenter på TV2. Mange hugsar han sikkert også frå trioen «Morten, Espen og far».

Solveig Bartun Rob er erfaringskonsulent for psykisk helse i Bergen. Ho har også bak seg ein lang karriere som barne- og ungdomsarbeidar i Misjonssambandet.

Eikelandsosen bedehus søndag 6.mars kl. 19.00. Gratis inngang – kollekt. Dette er absolutt verdt å få med seg.



Kvinnenes internasjonale bønnedag

Dette er eit økumenisk samarbeid, og vert markert i meir enn 170 land! Også vi i Fusa er med på dette. Uavhengig av kyrkjesamfunn er du velkommen til å bli med.


VEL MØTT FREDAG 4. MARS 2022
Eikelandsosen bedehus kl. 18.00
Foer bedehus kl. 18.00

Tema: «For eg veit kva tankar eg har med dykk».

Årets prosjekt – hindre vald i heimane

I fjor var det kvinner i Vanuatu som hadde laga programmet. I år er det kvinner i Storbritannia som har laga programmet. Og inntektene som kjem inn går til arbeid dei brenn for. Dei skriv: «Sjølv om det er grunn til å feire framsteg for kvinner i samfunnet vårt, vil den nasjonale komiteen støtte tiltak for å hindre vald i heimane, betre livssituasjonen for menneske som lever i fattigdom og støtte menneske med fysiske og psykiske utfordringar.»

Gåver til bankkonto: 3000 16 16869 (Bibelselskapet)
Vipps 94418 (merk med KIB i meldingsfeltet)



Om kunstnaren og kunstverket

Angie Fox er ein kunstnar som broderer og designar liturgiske klede.

«Eg har brukt fleire bilete for å framstille nøkkelorda på denne måten: *Fridom*: ei open dør til ein veg som strekkjer seg gjennom eit opent landskap. *Rettferd*: Brotne lenkjer. *Guds fred og tilgjeving*: fredsdua og ei fredslilje som skyt opp av brulegninga.

Over alt dette strekkjer det seg ein regnboge som representerer alle desse tinga, heilt frå historia om Noah og fram til vår tid. Han er eit symbol på Guds omgjevande kjærleik.»





Nevøen til den gamle prosten blei vigsla til prest. Då den unge teologen skulle starta tenesta si i Fusa prestegjeld, spurde han sin ærverdige slektning: «Onkel, eg vil gjerne høyra litt om dine livserfaringar. Eg treng rettleiing til dei store oppgåvane som ventar meg.»

Prosten tenkte seg om ei stund, og svarte alvorleg: «Éin ting har eg i alle fall lært i livet og tenesta; Det ytterste kringlestykket kan vera litt tørt. Ikkje ta det!»



Ynskjer du

å bidra i soknet sitt arbeid for barn og unge?

FLOTT! Då er det berre å ta kontakt med t.d. Eirun (94888506), Norunn (91637713) eller andre på kontoret (56580181). Me treng fleire som kan hjelpe til både i samband med enkeltståande tilbod i trusopplæringa og på kontinuerlige tilbod som KLUBBEN, Ungdomsklubben, m.m.



Open kyrkje i Strandvik

Kvar tredje tysdag i månaden vil Strandvik kyrkje vere open frå kl. 19:00 til 20:00. Ein kan tenne lys, sitje stille i ein benk og høre på musikk framført i ulik storleik og fasong.

Dei neste gongane er datoane slik:

15. februar

15. mars

19. april

Fylg elles med i lokalavisa og på soknet si Facebookside.



Illustrasjonsfoto



Bufetat

Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på fosterheim.no





**Velkommen til Tårnagent
i Hålandsdalen kyrkje,
søndag 27. feb. kl. 14.30,
for deg som går i 2. og 3. kl**

Her vil du få løyse agentoppdrag, utforske heile kyrkja og mykje meir! Det heile vert avslutta med ei gudsteneste der foreldre og besteforeldre er hjartleg velkommen til å koma og feira saman med oss! Informasjon om påmeldig kjem i posten.

Har du spørsmål er det berre å ta kontakt med Eirun (mob. 94888506, e-post: ef882@kyrkja.no)



KLUBBEN

Nytt år betyr nytt år med KLUBBEN!

Nokre endringar i 2022: Nytt klokkeslett blir 18-20, og ny aldersgruppe vert 5.-7. klasse. Inhaldet vert det same!

Datoane er: 21. januar, 18. februar, 18. mars, 8. april, 13. mai, 10. juni

Spørsmål? Ta kontakt med Eirun på mob. 94888506.



Noah

Friluftsklubb for gutter i 5.-8. klasse.

Det blir 5-7 klubbkveldar i løpet av våren.

Følg med på facebook eller ta kontakt med leiar Ernst Ove Indrebø (tlf. 41451801) for info.



NY UNGDOMSKLUBB på gang!

Forhåpentlegvis startar me opp med ny ungdomsklubb for aldersgruppa 8. kl. og oppover, fredagar i etterkant av "KLUBBEN". Følg med på Facebook m.m. for info om dette så snart det er klart!

OPEN HALL

Går du på ungdomsskulen eller på vidaregåande? Då er du velkommen til Open hall i Fjorden Arena! Her kan du komma rett etter skulen, få mat, og gjera mange kjekke aktivitetar som til dømes gaming, klatring, bordtennis, airhockey og brettspel. Det vert også nokre kjekke «happeningar» i løpet av året! Det vil også vera helsejukepleiar tilgjengeleg som ein kan koma og snakka med, uavhengig om ein vil vera med på aktivitetar. For nærmere informasjon om tidspunkt og aktivitetar kan ein følgja Fusa frivilligssentral på sosiale medier!

Ungdoms-happening Os

Denne våren arrangerer Os kyrkjelyd happenings for alle ungdommar som går på ungdomsskulen og vidaregåande. Her kan du komma og henga, gjera forskjellige aktivitetar og ete god mat. Happeningane føregår på Tunet kl. 20.00-23.00. Det er mogleg å få transport frå og til ferjekaien på Hatvik.

For meir info om dette ta kontakt med Eirun (mob. 94888506, e-post ef882@kyrkja.no).

Datoar: 11. feb., 25. feb., 11. mars, 25. mars, 1. apr., 22. apr., 27. mai, 3. jun., 17. jun.



Følg oss på facebook
Fusa sokn



Gudstenester i Fusa sokn

06.02.2022 - 24.04.2022

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
Februar				
06.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	6.søndag i openberringstida
06.02.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	6.søndag i openberringstida
13.02.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Såmannssøndag
20.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Kristi forklæringsdag
20.02.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	Kristi forklæringsdag
27.02.	16:30	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Fastelavnssøndag
Mars				
06.03.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	1.søndag i fastetida
06.03.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	1.søndag i fastetida
13.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2.søndag i fastetida
20.03.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	3.søndag i fastetida
27.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
April				
03.04.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	4.søndag i fastetida
03.04.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	4.søndag i fastetida
10.04.	11:00	Sundvor kyrkje	Familiegudsteneste	Palmesøndag
14.04.	11:00	Fusa bu og beh.senter	Gudsteneste	Skjærtorsdag
14.04.	19:00	Strandvik kyrkje	Kvelsgudsteneste	Skjærtorsdag
15.04.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Langfredag
16.04.	23:00	Hålandsdalen kyrkje	Kvelsgudsteneste	Påskennatt
17.04.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Påskedag
18.04.	12:00	Hafskorvatnet	Friluftsgudsteneste	2. påskedag
24.04.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	2. søndag i påsketida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå

KYRKJEBØKENE



Dåp

Fusa kyrkje

- 21.11.2021 Vincent Matland Bahrawy
16.01.2022 Kristian Matland
16.01.2022 Ovidia Sværen Steina

Strandvik kyrkje

- 28.11.2021 Sverre Helland Erstad

Hålandsdalen kyrkje

- 02.01.2022 Johannes Djupevåg Eide
23.01.2022 Vetle Nerhovde Nordtveit



Gravferd

Fusa kyrkje

- 12.11.2021 Helge Havsgård, f. 16.06.1929
24.11.2021 Pauline Berthea Salbu, f. 01.03.1927
14.12.2021 Klara Havsgård, f. 25.08.1934
16.12.2021 Kåre Rosvoll, f. 11.07.1929
14.01.2022 Johannes Solheim, f. 30.04.1933

Sævareid kapell

- 22.12.2021 Helga Fredheim, f. 25.03.1932

Hålandsdalen kyrkje

- 07.01.2022 Gunvor Kilen, f. 06.10.1936



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandssosen

Sidan sist



Eit bilete av tida me har vore inne i lenge no, her med Fru På Munnbind og Herr Av Munnbind på gudsteneste i Sævareid kapell.



Fusa sokn er glad for at me kunne gjennomføra 6 gudstester på julaførtid og første juledag og meir enn 400 fusinar fekk delta, trass strenge restiksjonar. Her Hålandsdal Musikklag, trufast tonefølgje på julaførtid i Hålandsdalen.



Lucia-feiring med lysstøping i Sævareid kapell og fakkeltog på Henanger. Eit flott trusopplærings-tiltak for 6. og 7. klassingar!



Godt oppmøte på Søndagsskule i skauen i Holdhusmarka søndag 5. desember, med nysnø, godt vêr, pølser på bål, sang og andakt.

Takk for gåver i 2021!

Fusingar er flinke til å gje gåver til eller gjennom Fusa sokn! Anten det er til vårt eige som til dømes trusopplæring eller kyrkjelydsarbeidet, eller det er til andre organisasjonar via offer på gudstenester eller særskilde innsamlingar og overskott frå Bruktbua. Meir enn 700 000 kr. er det blitt. Takk! Her er ein oversikt over fordelinga av gåver som er komne inn til og gjennom Fusa sokn i 2021:

Interne føremål:

Trusopplæring, konfirmantarbeid og kyrkjelydsarbeid	368414,-
Diakoni lokalt	68000,-

Våre eksterne prosjekt:

CBWCF – Brannskadde barn Etiopia	122000,-
Elevstipend Tabor Etiopia	26399,-

Eksterne føremål:

YWAM v/Helga og Rod Lobaugh	6767,-
Stefanusalliansen	2280,-
Norsk Lutherisk Misjonssamband	5295,-
Det Norske Bibelselskap	1874,-
Kirkens SOS Bjørgvin	886,-
Den Norske Israelsmisjon	2693,-
Det Norske Misjonsselskap	1500,-
Kirkens Bymisjon i Bergen	4253,-
Sygna vgs.	621,-
Søndagsskolen Bergen krets	6179,-
Mercy Ships Norge	2914,-
Norsk Lærarakademi, NLA Høyskolen	1536,-
MF Vitenskapelige Høyskole	1973,-
Landsforeningen mot seksuelle overgrep	497,-
Kristen Idrettskontakt	1086,-
MAF – Mission Aviation Fellowship	7258,-
Sjømannskirken – Norsk Kirke i utlandet	1283,-
Sætervika ungdomssenter	2903,-
Barnevakten	1192,-
Stiftelsen Kirkens familievern	2546,-
Blå kors Bergen	888,-
Ungdom i Oppdrag	5598,-
Bildøy Bibelskole	2438,-
Haraldsplass samtalesenter	443,-
Kirkens Nødhjelp	5379,-
Fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp)	39500,-
Norges kristelige student- og skoleungd.lag	700,-
Normisjon Agenda I, Mali	5269,-